



## Referat frå FAU-møte (Foreldra sitt arbeidsutval)

**Desse møtte:** 1A Kristin Breivik, 1B Gro Ratvik (vara), 1C møtte ikkje, 2A Bjørn Are Vollstad, 2B møtte ikkje, 2C Rune Kirkebø (vara), 3A Veronica Løvold, 3B Rattanaporn Thongkul Kvellestad, 3C Therese Cecilie Bøyum (kunne ikkje møte), 4A Lisbeth Strømslid, 4B Astrid Irene Solheim Korsvoll, (kunne ikkje møte, ikkje vara heller) 5A Ståle Randal, 5B møtte ikkje, 6A Silje Sægrov Amble, 6B Therese Cecilie Bøyum (kunne ikkje møte), 6C Veronica Løvold, 7A Kirsti Solheim, 7B Roger Eide, 7C Astrid Bakke Grimeland (kunne ikkje møte) og rektor Turid Irene Hatlem.

Kasserar: Torje Hirth 3C - kunne ikkje møte

**Tid:** Onsdag 28. april 2021 kl. 19.00 – 20.30

**Møtestad:** Auditoriet på Slåtten

### SAKLISTE

#### 7/21 Godkjenning av innkalling og sakliste.

#### 8/21 Framdrift Legenestølen

I går var siste formalitet i orden. Mangla grensekryss, men no er dei funne. Frist for nabovarsel er ute. Kvar onsdag går tilsette tur til støylen, også av og til vidare til Flatene støylen. Prosjektet har fått 68 000 kroner frå Sparebanken Vest. Prosjektet er ikkje fullfinansiert endå. Det er søkt om **000 kroner** frå Sunnfjord kommune, vi har fått 10 000 kroner. Det er også søkt pengar frå Sparebankstiftinga, 75 000 kroner. 153 000 kroner totalt innfridd. Det manglar i alle fall 70 000 kroner i avgifter etc. Skal søke om tapte inntekter i koronamidlar frå Sparebanken Vest. Usikkert no kven som tar byggeoppdraget, fleire er aktuelle, mellom anna yrkesskulen. «Bygg Opp» kan vere aktuelle å kontakte, dei har lærlingar. Firda Billag vart nemnd som aktuelle til å bidra frå ein på møtet som er tilsett der. Entreprenør ikkje kontakta enno.

Meininga er å ta vare på og vise fram historia frå stølsdrifta som var tidlegare på stølen. Stølen er mykje brukt som rasteplass for turar frå naboar og førdefolk elles.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Terje Årdal	57 61 28 44	johnny.terje.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no



## 9/21 Tilbakemelding SFO-tilbod

1A – foreldreinnspel om fleire vaksne og 5 timar tilbod

### KST- 029/21 Vedtak:

1. Kommunestyret utsette evalueringa av det samla SFO-tilbodet til mai 2021.
2. SFO-tilbodet vert endra frå 01.08.21, det blir innført eit nytt 15 timars tilbod med ein pris på 2125 kroner.

I evalueringa ønskjer Sunnfjord kommune tilbakemelding på følgjande problemstillingar:

1. Er tilbodsstrukturen tilpassa brukarane sine behov? Dei fleste svarar ja
2. Er det behov for å oppretthalde 5-timars tilbodet? Dei fleste svarar ja
3. Prisenivået på dei ulike SFO-tilboda?
4. Er opningstidene tilpassa brukarane sine behov? Ja svarar nesten alle, utanom ein.
5. Bemanning på 1 vaksen per 16 barn? Mange svarar at det godt kunne vore fleire.
6. Innhaldet i tilbodet? Dei fleste har svart bra.

Innspel: Nokre svarer at det er dyrt, forslag om stillerom, nokre seier det burde vore gratis (rektor Turid seier ho er einig i at tilbodet burde vore gratis).

Eit viktig tema er at den prisen som er no kan gjere at ein del vel å ikkje ha SFO på grunn av kostnaden.

Veldig bra at denne undersøkinga er sendt ut og at ein kan svare.

FAU meiner at SFO-tilbodet på Slåtten er veldig bra i innhald og viktig for sosialisering og trivsel hos alle barn. Spesielt sidan dei fleste barn er på SFO. Difor meiner vi det burde vore ein slik pris at alle familiar har moglegheit til å ha barna sine på SFO, og aller helst meiner vi det burde vore gratis.

1c: Innspel frå fleire foreldre i ein klasse om Teams og mellom anna chatte-funksjon som er open heile tida.

## 10/21 Nytt frå Sunnfjord KFU-møte (ved Roger Eide)

Kommunalt foreldretutval. Møte i mars. Skal ha nytt møte i mai. Oppfordrar foreldre til å gå inn på nettsida til Sunnfjord kommune, og orientere seg om arbeidet i KFU. Skulebruksplanen har vore den viktigaste saka. Roger Eide gir seg som FAU-leiar, så det skal veljast ny leiar til hausten.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Terje Årdal	57 61 28 44	johnny.terje.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no



## 11/21 Nytt frå arbeidsgruppene i FAU. Nærmiljø/anlegg, Heim-skule og Lese/skrive og rekne-gruppa.

Gang og sykkelveg frå Vieåsen kjem, ved Hatlehaugen barnehage ned mot Rema 1000, det er vedteke på bakgrunn i bygging av nye studentbustader. Tidlegast i januar 2022. Dette er ei sak FAU har arbeidd med tidlegare og vore pådrivar på.

Lese/skrive og rekne gruppa: bøker som vart kjøpt inn av grafiske romanar har blitt mykje brukt så det bør vurderast å kjøpe meir. Kanskje vurdere bokkasser, der foreldre frivillig kan gi grafiske romanar (utan at det skal opplevast som press).

## 12/21 Ordensreglar for Slåtten skule

FAU likte godt at rektor sende ut påminning om reglar for sykling til skulen mm.

Rektor gjekk gjennom Slåtten skule sine trivsels- og ordensreglar. Det vart ikkje gjort nokre endringar. (Sjå reglane sist i referatet.)

No er det bestemt av bystyret at berre annakvar elev får pc i 3. og 4. klasse. Det er nokre gamle pc-ar som og kan brukast, men det var ein negativ nyheit at det ikkje er nok til alle.

## 13/21 Skuleruta

### Skuleruta 2021 - 2022

### Datoar

Første skuledag	Måndag 16. august
Hautferie	Måndag 11. oktober til fredag 15. oktober (veke41)
Elevfri dag	Fredag 12. november
Siste skuledag før jul	Tysdag 21. desember
Første skuledag etter nyttår	Måndag 3. januar
Vinterferie	Måndag 21. februar til fredag 25. februar (veke 8)
Elevfri dag	Fredag 18. mars
Siste skuledag før påske	Fredag 8. april
Første skuledag etter påske	Tysdag 19. april
Elevfri dag	Fredag 27. mai
Siste skuledag	Fredag 17. juni

## 14/21 Resultat frå vernerunde

Verneombod, vaktmeister, Johnny på SFO og rektor har hatt runde.

## Vi sjekka dusjane i gymbygget. Slite, men ok vedlikehald.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Terje Årdal	57 61 28 44	johnny.terje.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no



**Fleire reagerer på lyden på ringeklokka. Vi held på å sjekke om vi kan kjøpe inn nytt anlegg.**

**Vi held på å systematiserer og kaste farleg stoff på kunst og handverksromma.**

**Melding om ting som ikkje er i orden fungerer godt. Rune har eiga meldebok.**

**Bygga er godt vedlikehalde.**

**Internkontrollar på elektrisk utstyr er utført.**

**Inneklima er gjort det beste ut av, mangler framleis litt plass i forhold til kontor.**

**Lys ok.**

**Ergonomi er sjekka og nytt utstyr blir kjøpt inn ved behov.**

**Vaktmeisteren har nødvendig sertifisering og verneutstyr**

**Fint om vi hadde fått tilbud om bedriftshelseteneste. Måling av kolesterol, blodtrykk mm.**

## 15/21 Ymse

Hei!

Jeg ønsker fremme et forslag om å invitere politiet til Slåtten som del av det forebyggende arbeidet med skolemiljøet. Jeg tror dette kan ha en effekt, da politiet har en egen tyngde med sitt nærver.

Mvh Maria Steimler

Vi kan sende ut spørjeundersøking om kva folk kan bidra med til dugnad på stølen.

**(Nye saker må meldast under første sak)**

**Slåtten skule, 28. april 2021**

**Silje Sægrov Amble referent**

# Trivsels- og ordensreglar

## Skulevegen

1. Alle har rett til å gå trygt til og frå skulen. Ingen har rett til å truge eller plage andre. Du skal seie i frå om du ser at nokon ikkje har det bra på skulevegen. FAU og skulen tilrår at du ventar med å sykle til og frå skulen frå 5. klasse dersom foreldra dine er samde i dette. Sykkelen set du i eit sykkelstativ. Du må bruke sykkelhjelm.

## På skulen – i friminutta

2. Vi svarar kvarandre pent og er hyggelege mot kvarandre, både barn og vaksne.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Terje Årdal	57 61 28 44	johnny.terje.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no



3. Du møter i rett tid til alle timar.
4. Alle har rett til arbeidsro i timane.
5. Du er ute i friminutta. Når det er dårleg vêr, kan rektor gi løyve til å vere inne i klasserommet.
6. I skuletida er du på skulen sitt område.  
Om vinteren kan du og leike i akebakkane aust og vest for skulen, men ikkje lenger borte enn at du kan høyre skuleklokka.
7. Når du leikar ute, må ikkje leiken vere for vill.  
Snøball kan du berre kaste mot oppsette blinkar.  
Rullebrett, rullesko og rulleskøyter kan du berre bruke etter oppsett plan i Grindbygget.
8. Du kan bruke ballbanene etter oppsette lister.

## Orden

9. Alle har ansvar for at undervisningsromma er rydda.  
Uteområdet held vi i orden etter oppsett plan.
10. Du må ta godt vare på bøker og utstyr du får på skulen.
11. For at vi skal ha det triveleg rundt oss, må vi stelle fint med skulen vår, innbuet og alt materiell. Vi må verne om plantar og grøntareal. Klassane har ansvar for orden på kvart sitt uteområde.
12. Godteri brukar du berre ved spesielle høve, og etter avtale med læraren.
13. Det er forbode å røyke, snuse og å bruke rusmiddel på skuleområdet.
14. Det er ikkje tillat med bruk av mobiltelefon på Slåtten skule.

Mobiltelefon eller anna elektronisk avspjelings- eller kommunikasjonsutstyr skal vere avslått og ligge i sekken. Du har utstyret med på eige ansvar. Skulen er ikkje erstatningspliktig dersom utstyret vert vekke.

Dersom nokon bryt denne regelen, skal utstyret takast inn for resten av dagen. Ved gjentekne brot på regelen vert foreldra kontakta og utstyret utlevert etter avtale med dei.

Du skal halde deg til Internettreglane for Førdeskulen. Jfr. Internettreglane for Førdeskulen.

Alle pliktar å sette seg inn i skulen sine lovar og reglement

## Om du bryt reglane

- må du stå til ansvar for det du har gjort
- må du erstatte ting som blir øydelagt
- Ved alvorlege brot på reglane kan rektor, etter å ha rådført seg med læraren din, ta avgjerd om bortvising frå undervisninga for enkelttimar eller resten av dagen. Foreldra dine skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen.

## Reglar mot mobbing

Ingrid Lund har forska mykje på mobbing i barnehage og skule, og meiner at mobbing handlar om sosiale prosessar på avveg, noko som kan inkludere interaksjon både i det verkelege liv og på nett.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleig leiar SFO:	Johnny Terje Årdal	57 61 28 44	johnny.terje.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no



## «Mobbing

*Mobbing og andre krenkelser bør forstås både ut fra et individ- og systemperspektiv, og ses i sammenheng med individuelle og kontekstuelle forhold. Lund, Helgeland og Kovac (2017) definerer mobbing slik:*

*Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning.*

*Fellesskapet er altså avgjørende, og dermed blir også de miljøbaserte tiltakene ekstra viktige, men samtidig trenger vi i de aller fleste situasjonene også å iverksette individbaserte tiltak.»*

Vi mobbar ikkje andre.

Vi har rett til å bli respektert for den vi er, seie det vi meiner og kle oss slik vi vil.

Dersom ein av oss veit, eller trur, at nokon blir plaga, har vi plikt til å gripe inn, eller seie det til ein vaksen som kan gjere noko med det, eller stoppe mobbinga.

Dersom du føler deg mobba eller plaga, skal du seie frå til ein vaksen. Du kan be foreldra dine ta kontakt med skulen. Du kan også finne ein du stoler på og fortelje sjølv.

**Alle har plikt til å bry seg!**

## STOPP-regelen

Mål: Alle elevar på Slåtten skule skal trivast og ha det godt.

Vi ser at leiken ute nokre gonger kan bli for hard for enkelte elevar. Derfor har vi STOPP-regelen ved skulen.

**Mål: Alle elevar på Slåtten skule skal ha det kjekt ute.**

Om leiken blir for vill, eller eg kjenner meg truga, skal eg vise handflata og seie «STOPP»

1. Eg skal lære å seie «STOPP» når andre blir plaga
2. Eg skal respektere at andre seier «STOPP»
3. Det er ikkje lov å tulle med regelen

Å tulle med regelen vil seie at aktiviteten ikkje stoppar når nokon har sagt «STOPP».

**Brot på regelen har følgjande konsekvensar:**

- Den som bryt regelen må gå med vakta neste friminutt.
- Dersom nokon bryt regelen fleire gonger same dag, vil kontaktlærer ha samtale med foreldra.
- Om det er usemje om kva som har skjedd, har kontaktlærarane samtale med dei elevane som har vore innblanda i hendinga.

Telefon:	57 83 45 00	Rektor:	Turid Irene Hatlem	57 61 28 13	turid.hatlem@sunnfjord.kommune.no
Løvetann SFO:	48 11 46 75	Ass. rektor:	Asmund Friborg	57 61 28 39	asmund.friborg@sunnfjord.kommune.no
Skogstjerne SFO:	97 04 30 10	Dagleg leiar SFO:	Johnny Terje Årdal	57 61 28 44	johnny.terje.ardal@sunnfjord.kommune.no
Firkløveren SFO:	47 48 42 89	Konsulent:	Kristin Burø	57 83 45 00	kristin.buro@sunnfjord.kommune.no